

Osterøy kommune
5282 LONEVÅG

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykker ref.:
201108126-15/714/VIBE

Bergen, 31. januar 2012

Valestrand gnr. 137 bnr. 4, 41 mfl. – Oppstart områdeplan - Osterøy kommune - Fråsegn kulturminne

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Vi seier oss leie for seint svar.

Automatisk freda kulturminne

I brev av 05.09.2011 varsla Hordaland fylkeskommune ei arkeologisk registrering i planområdet jf. §9 i kulturminnelova. Kostnadsoverslaget for den arkeologiske registreringa vart godkjend av Osterøy kommune 20.10.2011. Arbeidet vart utført i perioden 08.11.11 til 17.11.2011. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne i planområdet. Vedlagt er rapport for den arkeologiske registreringa.

Det er ikkje utført arkeologiske registreringar innanfor området som Osterøy kommune i e-post av 12.10.11 har foreslått skal inngå som ein omsynssone c rundt Bullaeigedommen, då føremålet med omsynssona er vern, jf. plan- og bygningslova §11-8c, §12-6 og §12-7 nr.6. Det er difor naudsynt at føresegner i planen sikrar at tiltak som kan vere skadeleg for mogleg uregistrerte automatisk freda kulturminne ikkje kan settast i gang i dette området.

Nyare tids kulturminne

Kulturmiljøet ikring Bullaeigedommen har regional og nasjonal kulturminneverdi. Kulturmiljøet ligg sentralt til ved Valestrandsfossen, som fungerer som eit viktig historieforteljande og identitetsskapande element i landskapet. Området er sårbart for inngrep, og ei utbygging og fortetting med hus og vegar i nærleiken vil kunne verke skjemmande på heile kulturmiljøet. Omsynssona bør difor utvidast ned mot Valestrandsvatnet, då vatnet er eit viktig element som avgrensar landskapsrommet, samt følgje plangrensa frå vest mot nord og følgje vegen mot nord og vidare austover, sjå vedlagt kart..

Vi ber om at det i føresegnene jf. pbl § 12-7, nr. 6 vert lagt inn likelydande tekst:

Kulturmiljø og landskapsbilete knytt til Bullaeigedommen skal takast vare på. Det er ikkje utført arkeologiske undersøkingar etter §9 i kulturminnelova i området sett av til LNF – omsynssone c (H_570). Nye tiltak innanfor omsynssona skal avklarast med kulturminnemynde.

Vi ber Osterøy kommune om å eventuelt ta kontakt om noko er uklart.

Vi viser elles til fråsegna vår av 05.09.2011. Hordaland Fylkeskommune har ingen vidare merknader på noverande stadium i planprosessen.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Vigdis Berge
spesialrådgjevar

Sakshandsamar:
Vigdis Berge og Inger Lena Gåsemyr

Vedlegg: Kulturhistorisk rapport 57 – 2011, Hordaland fylkeskommune
Kart, omsynssone Bullaeigedommen

Kopi: Vinje, Signe, Planseksjonen